

Noregs vassdrags- og energidirektorat Region Vest
Postboks 53
6801 Førde

200404095-24

22 MAI 2006

Møre og Romsdal fylke

4BR 911-511.1

096.32

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
Nve200404095-4 rv/ias	04.08.2005	FE: 2005/10999/ODMO/562	Oddvar Moen, 71258472	22.05.2006

Tjørnvåg kraftverk i Tjørnvågelva Herøy kommune-fråsegn i høve konsesjonssøknad

Vi viser til Dykkar oversending og til seinare justering av søknad og kartvedlegg.

Møre og Romsdal fylke vil først seie seg lei for den lange saksbehandlingstida, som skuldast sjukdom. Fylket har ut frå sine ansvarområde følgjande merknader:

Kulturminne

Nyare tids kulturminne

Området ved tunet og elva er rikt på nyare tids kulturminne, mellom anna steingardar, murar etter kvernhus og tidlegare kraftverk, rydningsrøyser osb. Vi ber Dykk planlegge slik at desse minna frå vår nære fortid i størst mogleg grad vert ivaretekne .

Automatisk freda kulturminne

På Tjørnvåg gnr 53 bnr 1 har det vore ei samling gravrøyser. Deler av denne flotte samlinga ligg att. Det er også gjort funn av busetjingsspor. I hovudsak ligg kjente fornminne som det framleis er spor etter utanom det aktuelle stykket. Dei ligg i hovudsak aust av elva.

Nedanfor planlagt kraftstasjon, ved veg på vestsida av elva, har vi opplysningar om ein mogleg haug. Ca-kartfesting er avmerka på vedlagd kart (vedlegg 1).

Det må sjekkast om dette er ein verkeleg førhistorisk gravhaug og om denne kjem i konflikt med tiltaket (krav om arkeologisk registrering jf. kulturminnelova § 9). Området ikring den moglege røysa har og eit visst potensial som forutset avklaring i form av arkeologisk registrering, jf. under.

Samla vurdering

Slik som søknaden no er utforma, følgjer det ikkje med kart som viser plassering og vi kan difor ikkje ta stilling til planane. I utgangspunktet bør ein freiste på å unngå konfliktar med kjende kulturminne, både automatisk freda og frå nyare tid. Vi har difor laga eit kart som syner kvar tiltak utløyser behov for kulturminneregistrering før fråsegn (vedlegg 2). Vi gjer merksam på at slik avklaring bør kome før det vert gjort vedtak i saka. Alternativt kan ein leggje inngrepa utanom dette området, noko som vil vere tilrådeleg.

For vurdering av automatisk freda kulturminne må vi likevel ha endeleg val av alternativ til vurdering i kartfesta form.

Landbruksinteresser

For jord- og skogbruk vil tiltaket ha betydelege konsekvensar. Ved å bygge veg i området vil ein få

ein betre tilkomst til skogressursane. Vegen bør byggast slik at den stettar krava i normalane for skogsvegar, jf. "Normalar for landbruksvegar med byggbeskriving" Landbruksdepartementet 20. juni 1997, og leggst slik i terrenget at ein unngår store skjeringar. Spesielt i øvste del av furufeltet, der store morenemassar kan vere utsett for erosjon. Elles vil vi rå til at vegen blir bygd som eit samarbeidsprosjekt mellom alle eigarar med skogressursar i området som naturleg ligg inn til prosjektet.

Natur- og miljøverninteresser

Biologisk mangfald

I rapporten om biologisk mangfald vert det hevda at nedbørsfeltet til Tjørnvågelva har markert høgare biologisk mangfald (plantar og fugl) enn i tilsvarande vassdrag med kraftverksplaner i dette distriktet. Rapporten drøfter ikkje samanheng mellom vassføring og det spesielle "riksiget" i området mellom hovedelv og bielv, men nemner at røyrgate og veg kan påverke sigevass-systema negativt. Like eins vert ikkje behovet for minstevassføring drøfta i rapporten, men søknaden legg til grunn at det ikkje skal sikrast minstevassføring.

For å ivareta det biologiske mangfoldet i form av planter, fugl og ferskvassfauna, samt riksiget som nemnt, er det viktig med minstevassføring, men gjerne varierende over året. Dette vil dessutan, saman med dei planlagte tiltaka i kraftstasjonen (omløpsventil) bidra til å oppretthalde dagens tilstand i nedre del av Tjørnvågelva (anadrom fisk etc) og dei rikt dokumenterte verdiene på deltaet (fylkesdelplan, reservatstatus etc).

Fisk og fiskeinteresser

Tjørnvågelva er karakterisert som ei lita og flomprega vestlandselv. Den fører laks og aure, og aure er den dominerande arten. Elva vart prøvefiska og rapportert av fylkesmannen i 1989. Elva er ikkje nemnt i offisiell statistikk.

INON/Inngrepsfrie naturområde

Øvre del av nedbørsfeltet til Tjørnvågelva utgjer ein del av det største attverande inngrepsfrie naturområdet på Gurskøya, ca 23 km². Inntaksarrangementet vil redusere dette med ca 2 km².

Friluftsliv og landskap

Vurdering av friluftsliv og landskap heng ofte nært saman. I vår Naturbase er området over skoggrensa registrert som ein del av eit større regionalt friluftsområde. Nonsdalen med sine spesielle lausmasseformer er karakteristisk for dalen. Derfor er det viktig at val av røyrtrasè/anleggsveg ikkje skaper erosjonsflater, og at inntaket får god landskapstilpassing.

Skogs-og anleggsvegen vil truleg bli den nye tilkomst- og turvegen til fjells. Det er viktig at denne får ei så god landskapstilpassing som mogleg.

Oppsummering

Den justerte søknaden er noko mangelfull (kart, vegføring, riksigt, minstevassføring, anadrom fisk), men tar i større grad enn opprinneleg søknad omsyn til registrerte og dokumenterte naturverdiar i og ved Tjørnvågelva og Tjørnvågosen. Dette som følgje av ny plassering av røyrgata og kraftstasjonen, og konkrete tiltak i kraftstasjonen. Nærare avklaring i høve til kulturminneinteressene står likevel att.

- Det må etablerast kontakt med kulturavdelinga for nærare avklaring i kva grad det er behov for arkeologisk registrering.
- I tillegg til tiltak i kraftstasjonen for å sikre kontinuerleg vassføring i nedre del av Tjørnvågelva og dermed til Tjørnvågosen, bør det av omsyn til biologisk mangfald sikrast slipp av heilårleg minstevassføring frå inntaket i Nonsdalen.
- Vegplan må stette krava i skogsvegnormalane, og elles vektleggje landskapstilpassing og omsyn til å oppretthalde dei etablerte dreneringsårene for overflatevatn ved registrert "riksigt".
- Omsynet til landskapstilpassing, uberørt elvekantvegetasjon og "riksiget", bør også gjelde ved fastsetting av røyrtrasè.
- Den delen av røyrtrasèen og anleggsvegen som er over skoggrensa, bør tilbakeførast til gangveg/rås.

Med helsing



Jon Ivar Eikeland
Seksjonssjef



Oddvar Moen
Senioringeniør

Vedlegg:

- 1) Kartfesting av mogleg røys 1:5000
- 2) Skravert område: Tiltak utløysar kulturminneregistrering
- 3) Prosjektkart m/Tjørvågosen naturreservat
- 4) INONområde, fylkesdelplan (a) og reduksjon som følgje av prosjektet (b)

Fagsaksbehandlarar

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Øyunn Kleiva Tlf 71258867 - 95945835

Kulturminne frå nyare tid: Toril Moltubakk, telefon 71 25 88 39

Natur- og miljøvern: Oddvar Moen, telefon 71 25 84 72

Landbruk: Terje Kolstad, telefon 71 25 82 08


Kopi u/vedlegg:

Tjervaag Kraftverk v/Harald Tjervaag, 6070 TJØRVÅG


Herøy kommune, 6099 Fosnavåg

Direktoratet for naturforvaltning, Tungasletta 2, 7485 Trondheim

SAK FE 05/1099
VEDLEGG 1
 MØTTE GRANNENE
 M 1:5000




SAK FE 05/1099
VEDLEGG 2
 OMKARE SOM UTLÅYST
 KRAV OM KULTURMIN
 REGISTRERING
 M 1:5000



200404095-25

VEDLEGG 3



PRIORITERTE INNGREPSFRIE NATUROMRÅDE, Pr. 1.09.99.
(Sjå nærmare omtale av dei enkelte områda i eigen tabell i del 1)


VERNA OMRADE og VERNEPLAN UNDER ARBEID	1	Troffsystem og kvartalslandskap vernaområde. Verna etter naturverndirektivet
	2a-d	Flere delområder. Formålet som utvalgspunkt/ landskapsvernområde i fylkesdelplan for Dovrefjellregionen
	3	Fjellområdene Vika - Brandstad, Inngje i Fylkeskommunen høvstet til vernaområde for Dovrefjell
	4	Fjellområde nord for Inngje, Inngje i Fylkeskommunen høvstet til vernaområde for Dovrefjell
	5	Arbeidsområde for vernaområde Rattstammen nasjonalpark og landskapsvernområde
	6	Sør-Smøla - Rindavær, lokalt utvalgt vernaområde for Smøla som er under utarbeiding
	7	Smøla lokalt utvalgt vernaområde for Smøla som er under utarbeiding
	8	Geiranger-Helset, St. melding nr. 62 (1991-92). Nasjonalparkmelding
ANDRE SÆRLIG PRIORITERTE SKJERMINGSOMRÅDE	9	Fjellområdet Vingsfjorden - Storvassdalen
	10	Fjellområdet mellom Lommedalen, Kåretdalen og Sjøvassdalen
	11	Fjellområde mellom Halsa og Sørsmøla
	12	Fjellområde mellom Stordalen, Trondfjorden-Innfjorden og Meredalen
	13	Fjellområde mellom Målsdalen og Trondfjorden
	14	Fjellområde sørvest i Storvassdalen
	15	Sørsmøla
	15a	15a: Øst- og sør- deler av fjellområdene rundt inntakene til Høvedsfjorden og Langvassdalen
	15b	15b: Sørøstlige fjellområde mellom Høvedsfjorden og Sjøvassdalen, nord for Storvassdalen
	15c	15c: Sørøstlige fjellområde mellom Høvedsfjorden og Sjøvassdalen, sør for Storvassdalen
	16	Fjellområde sør for Austfjorden
	17	Indefjell
	18	Skjerve-Norddalen

KRITERIER FOR IDENTIFISERING OG PRIORITERING AV INNGREPSFRIE NATUROMRÅDE

A	Store sammenhengende inngrepsfrie områder (villmarksområde og inngrepsfrie områder)
B	Utenoms korridorer fra fjord til fjell og sammenhengende inngrepsfrie områder
C	Verna vassdrag og andre vassdrag uten inngrep
D	Område med verdi for biologisk mangfold (d.v. naturkulturlandskap, kulturlandskap og kvartals landskapsvernområde) verna område og tilleggsde befformer
E	Reservatets område nær større bebyggelsesområder
F	Regionale og nasjonale friluftsområder

Målestokk 1 : 650000
km 6.5 13.0 19.5 26.0 32.5

Kart nr. 2



VEDLEGG 4a

VEDLEGG 4a

VEOLC66 4b

